



Fylkesmannen i Hordaland  
Kommunal- og samfunnsplanavdelinga  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1625 - 17/15565

Saksbehandlar:

Per Inge Olsen

per.inge.olsen@meland.kommune.no

07.08.2017

## Ordinært skjønstilskot for 2018 - innspel frå Meland kommune

Vi viser til dykkar skriv av 14. juni 2016 med invitasjon til å sende inn opplysningar vedr. fordeling av ordinært skjønstilskot for 2018. Meland kommune vil peike på følgjande moment som vi meiner bør vektleggjast i samband med tildeling av skjønsmidlar til Meland kommune for 2018.

### 1. **Stor folketalsvekst dei siste åra og forventningar om fortsatt høg vekst**

I 2016 var folkeveksten i Meland kommune på 2,7%, som var høgast av alle kommunane i Hordaland og nr 15 nasjonalt. I gjennomsnitt dei siste 5 åra var folkeveksten på 2,8%, som er nest høgast i Norge. Vekst er kompensert i inntektssystemet gjennom veksttilskotet, men med ein vekst som er mellom dei høgaste i Norge er og vekstutfordringane store, og ikkje alle slike vert dekt opp gjennom dei ordinære tilskotsordningane.

### 2. **Språkdeling i skulane gjev særskilte utfordringar.**

Meland kommune reknar med i skuleåret 2017/2018 å ha 9 ekstra klassar i skulen som følgje av språkdeling. Grovt kan vi rekne lærarressursar på kr 1,0 mill per klasse, og vi har dermed ein årleg kostnad på kr 9 mill som ikkje vert dekkja opp via dei ordinære kriteriedata i inntektssystemet.

### 3. **Auka behov for sjukeheimplassar**

Kommunen måtte i løpet av våren 2017 opne 4 nye rom på sjukeheimen som ein ikkje hadde lagt inn i budsjettet for 2017, med ein heilårseffekt for 2018 på om lag kr 4 mill. Dette skuldast større folkevekst i dei eldste årsklassane enn rekna med, og dermed auka tenestebehov.

### 4. **Utfordringar innan forebyggjande helsevern og innan rus og rusomsorga**

Meland kommune har aukande rusrelaterte utfordringar. Det kan synast som om personar med rusproblem som tidlegare trakk inn mot Bergen sentrum i dag vel å opphalde seg lokalt i kommunen, og dette krev auka merksemd frå rusomsorga i kommunen. I tillegg fører tilflytting til at vi og får ei generell auke i rusproblem, og kommunen har begrensa med ressursar til å møte denne type utfordringar. Regionalt ser det og ut som Meland kommune har større utfordringar enn nabokommunane på dette området.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

5. Utfordringar i samband med høg arbeidsløyse, særleg mellom dei unge.  
Meland kommune hadde i 2015 og 2016 betydeleg høgare arbeidsløyse enn både nivået i Hordaland og i landet totalt, med ein topp i januar 2017 på 4,2%. Etter dette har situasjonen betra seg med reduksjon i Meland som i landet forøvrig.

I tillegg har kommunen mange unge som er ledige og mange unge som er under arbeidsavklaring, Denne gruppa har ein større risiko for å hamne tilbake som heilt arbeidsledige enn andre grupper arbeidstakarar. Det er og ein risiko for at dei over tid vert verande utanfor arbeidsmarknaden, og dermed påføre det kommunale støtteapparatet større kostnadar over tid.

Vi stiller gjerne på eit møte med fylkesmannen for å klargjøre dei moment vi har peika på i dette skrivet.

Med helsing

Per Inge Olsen  
økonomisjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Fylkesmannen i Hordaland

Kommunal- og 5020  
samfunnsplanavde  
linga

BERGEN